

RADØY *nytt*



Innhold i denne utgåva:

- Utstilling på Sæbø skule
- Kommune- og fylkestingsvalet
- Verdsrommet og vulkanar
- Oppgradering Bø barnehage
- Grafitti på Radøy
- Framlegg til kulturprisen 2011
- Byggesakshandsaming
- MOT-ungdomskoordinator
- Barnehageopptak



vert utgjeve av
Radøy kommune

Redaktør:
Christian Fotland

Redaksjonskomité:
Leif Taule, Helge Vallestad,
Lin Tove Thomassen
Utforming: Sveinung Kvamme

Trykk:
Allkopi AS



Kommune- rosa



**Kommunerosa går denne gongen til
middagskjørarane ved
Frivilligsentralen.**

**Gjennom svært mange år har dei gjort
ein utruleg flott jobb – uansett vår og
føreforhold!**

**Me takkar for kjempeinnsatsen og vo-
nar de held fram også i åra som kjem!**

RadøyNytt-redaksjonen

Framsidedfoto:

Laurdag 28. mai avslutta den brasilianske
graffitikunstnaren PEACETU besøket på
Radøy med ei oppvising i Sæbø lands-
kapspark, der høgdebassenget fekk ei
oppfrisking. Foto: Jostein Vågenes

5000-fest neste år?

I dette nummeret av Radøy-Nytt finn du m.a. nyttig informasjon når du går med byggeplanar. Og det vert bygd i Radøy. På same måte som Noreg førebur seg på å nå 5 millionar innbyggjarar i 2012, passerer truleg me også 5000 innbyggjarar neste år. Dette magiske talet må me markera når me er der!

Innbyggjartalet i Radøy aukar årleg med mellom 70 – 150 nye radværingar. Dette er ein naturleg effekt av at me bur i bergensregionen, som saman med Oslo-Akershus er dei raskast veksande regionane i landet. På under 40 år har Nordhordland endra seg frå å vera den mest næringsfattige og fråflyttingsprega delen av Hordaland, til å verta kalla sølvbeltet rundt Bergen.

Som tillitsvalt for innbyggjarane mottek eg heile tida engasjerte synspunkt på plussar og minusar ved kommunen, og eg veit at det vil alltid vera utfordringar knytta til kva forventningar kommunen kan evna å innfri. Men det er svært stor skilnad på å utvikla lokalsamfunnet framover i visse om at her vil folketalet og aktiviteten auka, framfor å styra kommunar der utviklingsbiletet er prega av fråflytting og stenging av barnehagar og skular. Radøy er ikkje der lenger, og har ikkje vore det på ei stund; me sit faktisk på ei grøn grein.

Så må det alltid prioriterast i kommunen, og det viktigaste er å arbeida for gode liv for innbyggjarane, så me kan få «gode kår i alle år». Difor er det viktig å heia på småjentefotballaget og europameistrane våre, og alt der i mellom.

God sommar!

Beste helsingar frå

Jon Askeland
Ordfører



Radøy arbeidssenter har vore på vitjing i Tjorehagen.
Her ser vi Roymund Vågenes og Eli Grindheim på vandring.

Praktisk arbeid og utstilling på Sæbø skule



På Sæbø skule har vi på sjuande trinn laga ei lita utstilling knytt til naturfag og engelsk. Det var ikkje planen i utgangspunktet, men lærarane meinte at resultatet og arbeidsinnsatsen fortente ei utstilling.

I engelsk har vi den siste tida vore forfattarar, og laga tekst og illustrasjonar til vår eiga bok. Vi valde sjølv tema, og fekk rettleiing med tekstarbeidet. Boka fekk stive permar ved at vi laminerte for- og baksida.

I naturfag har vi brukt ekstra god tid på emnet elektrisk energi. Og vi har hatt praktisk arbeid i høve til ein slutta straumkrets. Vi valde å laga spørjespel, der straumkretsen gjekk via eit sjølv-

designa spel. Spørsmål og rett svar var kopla saman på baksida, og via ei lita lyspære som lyser når vi svarer rett. Tema valde vi sjølv, ut frå interesser. I tillegg fekk vi ein tur til VilVite i Bergen, og hadde ein flott tur med m.a. elektrisitet på programmet.

Det er kjekt og lærerikt å få jobba på denne måten.

Frå sjuande trinn Sæbø skule

Fylkesting- og kommunestyreval 2011



VAL
e-val 2011 - prosjektet

I år er valdagen 12. september. I perioden mellom 10. august og 9. september kan du førehandsrøyste på papir på kultur- og sørvistorget i rådhuset på Manger. Dei som ikkje har høve til å røysta i denne perioden kan ta kontakt med kultur- og sørvistorget og avtale tid for røysting i perioden frå 1. juli til 9. august.

Det er like mange parti i 2011 som i 2007 som stiller liste til kommunestyrevalet.

Valstyret godkjente i møte 31. mai følgjande vallister:

- **Det norske Arbeidarparti**
- **Framstegspartiet**
- **Høgre**
- **Kristeleg folkeparti**
- **Raudt**
- **Senterpartiet**
- **Venstre**

Partiinformasjon med meir kjem i augustutgåva av RadøyNytt.

Røyste via internett?

I tida frå 10. august kl 09.00 til 9. september kl 24.00 kan radværingane førehandsrøyste via internett. Fleire fekk testa dette under ei folkerøysting som kommunen gjennomførte i mars, og no vert det høve til å røyste både til fylkesting- og kommunestyrevalet på nett. Då kan du sitje heime, lese partilister, sette ekstra kryss eller føre opp namn frå andre parti. Du kan røyste så mange gonger du vil, og det er siste røyst som tel.

Du treng internettilgang og må vere brukar av minID eller Bypass for å kunne røyste elektronisk. Du må vere folkeregistrert i Radøy kommune og vere fødd før 01.01.1994. Informasjon om pålogging og anna kan du lese på kommunen si nettside.

Tilbodet om å røyste via internett under valet i haust gjeld berre innbyggjarane i Bodø, Bremanger, Hammerfest, Mandal, Re, Radøy, Sandnes, Tynset, Vefsn og Ålesund.

Røystelokale

Ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 12. september 2011 vert det i Radøy kommune røysting i fire valkrinsar med kvar sitt røystelokale:

Røystekrins	Røystelokale
Austebygd	Austebygd skule
Hordabø	Hordabø skule
Manger	Radøyhallen
Sæbø	Sæbø skule

Ver særleg merksam på at Manger røystekrins har fått endra røystelokale. Alle røystelokala vil vera opne kl. 12.00 -20.00

Manntal til offentlig ettersyn

For å kunne røyste og vere manntalsført som innbyggjar i Radøy kommune, må du vere folkeregistrert som busett i kommunen før 1. juli 2011.

Manntalet vert lagt ut til offentlig ettersyn på biblioteket og rådhuset første veka i juli og fram til valdagen 12. september. Du kan også sjekke om du er registrert i manntalet via internett, meir informasjon om dette finn du på kommunen si nettsider - E-val 2011

Borte bra, men heime best?

– Tips til dei som skal vera heime i ferien

For mange hyttefolk er Radøy den sjølsagte plassen å tilbringa ferien, men det er nok også mange radværingar som skal vera heime i sommarferien. Me har laga ei liste med forslag til aktivitetar og stader å besøka.

Badeplassar

Radøy har mange fine badeplassar, både i ferskvatn og i sjø. Dei som er nemnde nedanfor, vert kontrollerte av mattilsynet.

Solheimsvika ligg ved Austmarka.

Parkering ved fotballbana, og gangveg ned til badeplassen. Relativt langgrunt og fin sandbotn. Det er toalett på staden.

Badeplassen på ein av holmane

langs Toskavegen har fin sandbotn, og gode badetemperaturar. Parkeringsplassar like ved.



Byngja er ein populær badeplass i nordre del av kommunen. Ein kjører nordover mot Bø, og tek av til Marøy. Skilt er sett opp. Parkering er ca 10 min frå badeplassen. Det er toalett på staden.

Nesvatnet ved Radøyhallen er ein badeplass i ferskvatn. Det er lagt tilrette for grilling, og sandvolleyballbane er like ved. Parkering ved Radøyhallen.

Fiskeplassar

Fiskeplassar i ferskvatn

Hallandsvatnet, Nesvatnet, Myking- og Hauglandsvatnet, Færvatnet og Kjesethjørna.

For å fiska i Hallandsvatnet, Nesvatnet og Kjesethjørna treng ein fiskekort. Fiskekort får ein kjøpt på YX Manger på Manger.

Sjøfiske

Toskavegen, Fosnstraumen, Bognøystraumen, Byngja, Skageneset, Rossnes, Syltaneset og Storheimstø er nokre av stadene vil vil tilrå

Turforslag

Radøy er eit Eldorado for alle som er glad i å gå på tur. Me kan mellom anna anbefala turar til Nøttveitveten og Morkefjellet, Marøy, Lommetjørna, Solheimsåsen og Kvistefjellet. Les om desse og fleire turar på www.godtur.no Kultur- og sørvistorget på rådhuset sel turkart og boka Turar på Radøy.

Båtutleige

Brattetaule gard har robåtar, båtar med påhengsmotor og kanoar til leige. For meir informasjon, sjå www.brattetaule.no eller ta kontakt på tlf. 55 25 64 05/979 54 633.

Nordbø hyttetun har båtar med påhengsmotor for utleige. For meir informasjon, sjå <http://www.nordbohyttetun.no/> eller ta kontakt på tlf. 56 37 02 01.

Attraksjonar

Bogatunet er eit tun frå 15 - 1600 talet. Det samanbygde huset syner trekk frå mellomalder-byggeskikk i det nordatlantiske kulturområdet. Huset inneheld eldhus, røykstove, bu m/loft og glasstove. For omvisning, kontakt Radøy sogelag v/Berit Kvalvik, tlf. 56 37 32 73 (evt. Radøy kommune tlf 56 34 90 00).



Nordanger gardsmuseum held til i gamle Nordanger skule, som vart vart bygd i 1864. Den vart brukt til skule fram til 1912, då det vart bygd ny skule. For omvisning ring Johannes

Birkeland tlf. 932 50 777 / 56372007. For meir informasjon, sjå: <http://home.online.no/~jberti-b/index.cfm>

Radøy bibliotek har ope måndagar 16.00-20.00 og onsdagar 13.00-20.00 i juni og august, og onsdagar 13.00-20.00 i juli. På biblioteket kan du sjå utstillinga om båtfunna i Mangerneset. Funna dokumenterer ein båtbyggjingskunst frå ca. år 0-700, og er dermed blant dei eldste båtfunna på Vestlandet.

Radøy motor-samling består av over 200 ulike motorar som har vore brukte i vårt distrikt.

Dei aller fleste motorane er sette i stand. Samlinga inneheld også traktorar og jordbruksmaskiner. For omvisning, kontakt Guttorm Storheim tlf. 56 37 11 87.



Syltastova er ei ljustove, der eldste delen er frå slutten av 1500-talet. Huset inneheld gamle møblar, inventar og bruksgjenstandar. For omvisning, kontakt Radøy sogelag ved Arne Villanger, tlf. 56 37 00 69 (evt. Radøy kommune tlf. 56 34 90 00).

Tjorehagen er ein fredelig oase med hundrevis av rhododendron, eksotiske buskar og tre, idylliske stiar, fuglesong, dammar og ei vakker gråsteinsbru. Hagen er open heile året. Ta kontakt på tlf. 95 15 87 56/ 56 37 10 40 for omvisning. ⇨⇨⇨



VERDSROMMET og VULKANAR

I Austebygd barnehage har vi eit tema som går over heile barnehageåret. Dette året har vi jobba med verdsrommet. Først starta vi med å laga eit tankekart. Her fekk borna seia noko om kva dei tenkte om temaet vårt. Det var mange av borna som kunne litt om verdsrommet allereie, så vi fekk eit godt utgangspunkt.

Skal ein kunna reisa i verdsrommet, treng ein eit romskip. Etter å ha laga arbeidsteikningar, var vi i gang. Alle borna fekk plass i romskipet (vi limte på bilete av alle).

Kvar skulle vi reise? Månen var eit godt førsteval. Tenk at det hadde vore menneske på månen før oss, og det heilt på ordentleg! Her måtte vi låna bøker på biblioteket, for jammen var det mykje vi skulle læra meir om. Veldig spennande! Etter månen gjekk turen vidare til ulike andre planetar.

No var vi så fantastisk heldige å få vera med å sjå Planetariet. Tenk at det passa så godt med temaet vårt i år. Her fekk vi sjå stjernebilete på nattehimmelen. Vi hadde også stjernefest i barnehagen, men desverre var det overskya akkurat denne kvelden, så vi fekk ikkje sjå stjernene. Ein pappa i barnehagen hadde med ein stjer-



nekikkert, så sjølv om vi ikkje fekk sjå stjerner, fekk vi sjå og læra litt om kva ein stjerneikkert er. Vi hadde også hengt opp refleks som borna fekk leita etter med lommelykt, dei lyser akkurat som stjerner når det er litt mørkt ute og ein lyser på dei.

Som avslutning på temaet vårt, har vi snakka litt om jorda vår. Borna var veldig opptatt av vulkanar, så det ville dei laga. Dermed var vi i gang med å laga ein vulkan som skulle ha utbrot, lava skulle renna nedover fjellsida, me-

dan dyr sprang vekk for å redde seg. Folk var reist frå husa sine, så dei står igjen tomme.

Tenk så mykje spennande både små og store kan læra om i barnehagen! Verdsrommet har vore eit supert tema som vi nok kunne ha jobba endå meir med, berre året ikkje hadde vore så kort....



Vestnorsk utvandringssenter på Sletta er ei avdeling i Museumssenteret i Hordaland. Utvandringssenteret legg opp til ei variert omvising for dei besøkjande. Emigrasjonshistoria kan opplevast gjennom film og ei guida vandring i eit bygningsmiljø der husa opphavleg har stått i USA. Ny permanent utstilling, «Lengselens bilder - fotografiet i den norske Amerikautvandringen» (sjå eigen boks). **Opningstider: 28.5-19.6:** Laurdag og søndag kl.12.00 – 17.00. **21.6-28.08:** Tysdag – fredag og søndag kl.12.00 – 17.00. Måndag og laurdag stengd. For meir informasjon, sjå: <http://www.muho.no/vestnorsk-utvandringssenter/>

Vestnorsk utvandringssenter

har opna ny permanent utstilling i kjellaren i Emigrantkyrkja

Tittel på utstillinga er «Lengselens bilder - fotografiet i den norske Amerikautvandringen». Utstillinga er eit resultat av kunsthistorikar Sigrid Lien si reise i USA der ho besøkte private hus, museum og arkiv for samle fotografi frå norske innvandarmiljø i perioden 1865-1930. Fotografiet fungerer her som eit kikehol til utvandringshistoria.

«Lengselens bilder» er ei nokså stor utstilling, og av plassomsyn er det eit utval utvandringssenter set opp i denne omgang.

Kulturmidlar 2011

Radøy kommune deler kvart år ut driftsmidlar til lag og organisasjonar. Søknad skal sendast på fast skjema og **søknadsfristen er 1. september**. Kriteria som vert vektlagde i søknaden er:

- medlemstal under 18 år
- allsidig aktivitet
- tilrettelegging for funksjonshemma, aktivitetsnivå innanfor aldersbestemte grupper,
- kvalitet på aktivitetane
- medlemskontingent

Lag som søker om kulturmidlar må leggja godkjent, revidert rekneskap ved søknaden. For meir informasjon, kontakt sørvistorget på tlf 5634 9000.

Søknadsskjema finn ein på kommunen si nettside under sjølvbetening, elektroniske skjema.



Oppgradering ved Bø barnehage

I 2010 fekk Bø barnehage midlar til oppgradering. Det vart eit år med ein del endringar. Ved oppstart om hausten utvida me med éi avdeling, som held til i den søre delen av trygebustadene.

Me stengte den gamle innkjørsla og nytt gjerde rundt barnehagen vart sett opp. Ved å stengja den gamle innkjørsla, vart uteområdet større og meir funksjonelt for borna. Leikeapparata var gamle og utslitne, så dei har blitt fjerna og erstatta av nye. Nye sykklar og uteleikar har me òg fått.

I hovudbygget til barnehagen har me fått lagt ned nytt støydempende golv, og skifta ut dei gamle dørene med klemsikre dører.



Ledige stillingar i Radøy kommune

Teknisk driftsleiar/brannsjef

Radøy kommune søkjer leiar for teknisk drift, reinhald og brannvern. Me ynskjer ein positiv leiar med stor arbeidskapasitet. Kontakt: Rådmann Christian Fotland eller leiar for PNT, Tonje Epland på tlf 5634 9000

Barnevernsleiar

Barnevernstenesta er organisert under Barne- og familietenesta saman med PPT, psykiatri og helsestasjon. Kontakt: Einingsleiar Karolina Vaktstjold eller barnevernsleiar Øystein Mongstad, tlf 5634 9280.

Prosjektleiar Vassområde Nordhordland

Me søkjer prosjektleiar i 50% engasjement i 3 år med kompetanse innan vassforvaltning/-miljø som er resultatorientert og kan arbeida sjølvstendig. Radøy er vertskommune og prosjektleiar skal m.a. vurdere miljøtilstand og arbeida ut framlegg til miljømål og tiltak, og vera sekretariat for vassområdet. Kontakt: Ass. rådmann Leif Taule, tlf. 5634 9000.

Førskulelærer/pedagogisk leiar

Me søkjer førskulelærarar med godkjent utdanning til barnehagane. Kontakt: Personalrådgjevar Kjetil Morken, tlf 5634 9000.

Søknadsfrist for alle stillingar: 26. juni

Fullstendig utlysingstekst og nærare opplysningar på: www.radoy.kommune.no



RADØY
den grønne øya

Ynskjer de å ha eit arrangement under kystsogevekene 2011?

Dersom de ynskjer å ha eit arrangement under kystsogevekene, kan de senda ein e-post til bente.hervik@radoy.kommune.no eller kontakta Kultur- og sørvistorget på tlf. 56 34 90 00.



Lokale til leige sentralt på Manger

NAV Radøy har for framleige ca. 100 kvm i andre etasje i Coop bygget. Møterom, kontor, garderobe, toalett m.m. Ta kontakt med rådmann Christian Fotland tlf. 56 34 90 00 for synfaring.

GRAFITI på Radøy

Det vart ein annleis skule-
ledag for 5.-7.trinn ved
Austebygd skule torsdag 26.
mai 2011.

Me var så heldige å få besøk
av ein ekte grafitti-artist frå
Brasil!

Ida Dyrkorn Heierland ved
Vestnorsk Utvandringssenter
stod bak opplegget og gav oss
dette tilbodet. Elevane var
spente og lydhøre medan Rodrigo
fortalde og viste bilete av
eigenprodusert kunst.

Han malar ikkje berre på
veggar, sa han, men lagar
også skulpturar som han
dekorerer etterpå. Skulpturane
vert laga i betong eller i tre.

Han brukar ofte sjablong når
han lagar bileta sine, men
malar også på frihand. Data-
maskina tar han også i bruk
når han lagar kunsten sin. No
bur han i Noreg, med norsk
kone og ein baby på fem
månader.

Artistnamnet hans er Peaceto.
Les meir på www.peaceto.com

Så fekk elevane prøva seg: Dei
teikna kvar si teikning, først på
papir, så på ei papp-plate. Rodrigo
brukte papirkniv og skar ut
teikningane med øvd hand. 21
sjablongar på rekordtid! Me
hadde fått lov av rektor å
dekorera ein av dei kvite
murveggane på skulen vår. Før
elevane spraya sine figurar på
veggen, fekk me ei oppvisning
av Rodrigo. Det var imponerande
å sjå koeis han på kort tid
kunne «trylla» fram eit flott
kunstverk berre ved bruk av
spraymaling! Også barnehage-
borna var fasinerte av kunsten
og diskuterte ivrig kva det
skulle forestilla; Kanskje ein
drage, ein fugl eller blir det
eit fabeldyr? Det braut ut
spontan applaus då Rodrigo
signerte biletet sitt som teikn
på at det var fullført.

Fleire av elevane var klare for
meir, og dei bestemte seg for
å delta om ettermiddagen
torsdag og fredag på Manger
skule der Rodrigo skulle ha
work-shop.

Kven veit, kanskje nokre unge
kunstnarspirer fekk ekstra
inspirasjon til vidare utvikling
etter denne dagen?



Kven bør få kulturprisen i Radøy 2011?

Kulturstyret i Radøy vil også i år dela ut kulturpris. Kulturprisen skal gå til einskildpersonar, grupper eller lag med tilknytning til kommunen, og vert gjeven for aktivt, friviljug kulturarbeid over lengre tid, eller for fortjenestefulle einskildtiltak innafør det utvida kulturomgrepet. Alle innbyggjarar i Radøy kommune kan koma med framlegg på kandidatar. Framlegga skal sendast til Radøy kulturstyre, Radøyvegen 1690, 5936 Manger. Du kan òg senda framlegget på e-post til postmottak@radoy.kommune.no.

Dei som har kome med framlegg og kandidatar som ikkje når opp, får ikkje namna offentleggjort. **Framlegga skal vera skriftlege med best mogeleg grunngjeving.**

Frist for å koma med framlegg er sett til 10. august 2011.

Følgjande har tidlegare fått kulturprisen for Radøy:

- 1985: Petter Johan Ottesen
- 1986: Sivert Halland
- 1987: Manger musikklag
- 1988: Nils Gjerde
- 1989: Klara Skage
- 1990: Gunnstein Kolstad
- 1991: Arne Villanger
- 1992: Nils Skjelanger
- 1993: Mally Kjeseth
- 1994: Sven Hermansen
- 1995: Rolf Haugland
- 1996: Olav R. Tjore
- 1997: Oddmund Skjelvik
- 1998: Bård Kolflåth
- 1999: Knut Kopperdal
- 2000: Berit Kvalvik
- 2001: Tommy Urhaug
- 2002: Ingebjørg Møllerup Kolstad
- 2003: Meinert Helland
- 2004: Magnar Fjeld
- 2005: Manger skulemusikklag
- 2006: Guttorm Storheim
- 2007: Manger folkehøgskule
- 2008: Kåre Håland
- 2009: Steinar Vågenes
- 2010: Vigdis og Harald Villanger

Byggesaker i Radøy kommune

I 2010 vart det sett i verk ei ny plan- og bygningslov. Bakgrunnen for dette var mellom anna sterk auke i talet på feil ved nye bygg.

Siktemålet med lova er å fremja berekraftig utvikling til det beste for den einskilde, samfunnet og generasjonane som kjem etter oss

Planlegging etter lova skal gi samordning av statlege, regionale og kommunale oppgåver.

Byggesakshandsaminga etter lova skal sikra at tiltak blir i samsvar med lov, forskrift og planvedtak.

Lova er slik at dersom ein søker om eit tiltak som er i samsvar med lov, forskrift og plan, skal det gjevast løyve. Slik sett er lova ei «ja»-lov, fordi kommunen ikkje har høve til å gje avslag på ein søknad når den er i samsvar med lov, forskrift og plan.

Denne oversikten er ei forenkla framstilling som tek sikte på å forklara nokre viktige punkt knytt til plan- og byggesaker.

Kommunestyret i Radøy har vedteke at store delar av Radøy er såkalla LNF-område. I slike område er det svært avgrensa kva byggjetiltak som kan setjast i verk. Som hovudregel er det byggjeforbod i LNF-område og i strandsone.

Dei som driv landbruk i slike område har særlege reglar. Alle andre må søkja om **dispensasjon** før dei eventuelt kan setja i verk tiltak.

Det er **landbrukskontoret** som avgjer kva som er landbrukseigedomar i drift.

I andre område vil det vera reguleringsplanen som avgjer kva tiltak som kan setjast i verk

Tiltak «Nytt bygg»

Med tiltak meiner ein oppføring, riving og endringar knytt til bygningar, konstruksjonar, anlegg og terreng.

Tiltakshavar «Huseigar»

Tiltakshavar er personen eller foretaket som tiltaket vert ført opp på vegner av.

Tre typar tiltak

1. **Tiltak som krev søknad og løyve, med ansvarleg føretak (ansvarsrett).**
2. **Tiltak som krev søknad og løyve, men som tiltakshavar sjølv kan stå for**
3. **Tiltak som ikkje krev søknad og løyve**

Ansvarleg foretak

Dette er eit sentralt omgrep i lova. I tiltak med krav til ansvarsrett skal det vera godkjente ansvarlege for **søknad**, **prosjektering** og for **utføring**. For å få godkjenning må ein vera registrert i Foretaksregisteret. Privatpersonar kan altså som hovudregel ikkje vera ansvarlege for eit tiltak.

I praksis betyr dette at dersom Ole Olsen skal byggja seg hus, må han skaffa seg ansvarleg føretak som kan senda søknad, stå for prosjekteringa og gjera sjølve bygginga. Dette kan vera same foretak, men det kan også vera ulike foretak.

Ansvarsrett blir gitt etter søknad, og det er byggesaksavdelinga i Radøy kommune som gir godkjenning. Godkjenninga gjeld berre for kvart einskild tiltak. Avgjerd skal takast etter ei samla vurdering av organisasjon, styringsystem og den faglege kompetansen i foretaket.

Nokre foretak har sentral godkjenning, som normalt skal leggjast til grunn for lokal godkjenning.

Ansvarleg søker er bindeleddet mellom tiltakshavar og kommunen. Ansvarleg søker har ansvar for at søknaden inneheld alle opplysningar som trengst for at kommunen kan sjå til at tiltaket er i samsvar med lov, forskrift og plan. Ansvarleg søker skal også samordna dei som er ansvarlege for prosjektering og for utføring. Ansvarleg søker skal også avslutta tiltaket, ved å senda inn nødvendige opplysningar for at kommunen kan skriva ut ferdigattest.

På mange måtar er ansvarleg søker det viktigaste leddet i heile tiltaksprosessen. Tiltakshavar si oppgåve er å følgja opp ansvarleg søker. Dersom ansvarleg søker sviktar, kan ikkje tiltakshavar ta over jobben. Anten må då ansvarleg søker «tvingast på bana» eller tiltakshavar må finna ein ny ansvarleg søker som kommunen kan godta. Kommunen kan også trekkja tilbake ei godkjenning av eit ansvarleg foretak, dersom foretaket ikkje lenger oppfyller krava som vert stilt.

Kva må ein gjera når det skal søkjast om eit tiltak?

Det er her viktig å skilja mellom tiltak som tiltakshavar sjølv kan stå for og tiltak som krev ansvarsrett.

Dersom tiltaket krev ansvarsrett skal tiltakshavar engasjera ansvarleg søker, og deretter er det ansvarleg søker som skal senda søknad og følgja opp i høve til kommunen og andre involverte.

Ansvarleg søker skal ha kompetanse om søknadsprosessen, og kommunen har inga rettleiingsplikt i høve til ansvarleg søker, eller i høve til tiltakshavar.


Der tiltakshavar sjølv kan stå for søknaden, skal følgjande sendast inn:

1. søknadsskjema
2. teikningar
3. målsett situasjonsplan
4. oversyn over nabovarsel og nabo-merknader


I slike tilfelle har kommunen rettleiingsplikt, slik at ein skal få hjelp til å sikra at søknadsskjema er komplett og at alle turvande vedlegg er med.

Saksgang

Enkel søknad som tiltakshavar sjølv kan stå for



Søknad med ansvarsrett



Kva tiltak krev ansvarsrett?

- Oppføring, tilbygg, påbygg, vesentleg endring/reparasjon eller plassering av bygning eller anlegg, også mellombels
- Fasadeendring
- Bruksendring
- Riving
- Oppføring, endring eller reparasjon av bygningstekniske installasjonar
- Plassering av skilt og reklame
- Vesentleg terrenginngrep
- Våtrom
- Veg, parkeringsplass
- Gjerde mot veg

Kva tiltak treng ikkje søknad og løyve?

Under føresetnad av at tiltaket er i samsvar med lov og plan:

- Mindre frittliggjande bygning på bygd eigeendom og som ein ikkje kan overnatta i. Må vera mindre enn 15m²
- Fasadeendring som ikkje endrar karakteren på bygninga
- Mindre tiltak i eksisterande bygg og utandørs

I LNF-område eller strandsone er det i utgangspunktet forbod mot slike tiltak.

Kva tiltak kan tiltakshavar sjølv stå for

- Mindre tiltak på eigeendom der det står bygningar frå før, dvs tilbygg mindre enn 50m² eller frittliggjande bygg mindre enn 70m²
- Driftsbygningar i landbruket, inntil 1000m²



Handsaming av søknaden i kommunen

Når søknaden er fullstendig, skal kommunen snarast råd, og seinast innan 3 eller i nokre tilfelle 12 veker gje løyve, dersom tiltaket ikkje er i strid med lov, forskrift og plan.

I sakshandsaminga skal kommunen leggja til grunn at tiltaket fyller tekniske krav, basert på opplysningane frå tiltakshavar eller ansvarleg foretak, med mindre tilhøva seier noko anna.

Dispensasjon

Dersom eit tiltak er i strid med lov, forskrift eller plan, skal det søkjast om dispensasjon. Dette skal vera ein grunngjeven søknad.

Naboar skal varslast, og regionale eller statlege mynde skal ha høve til å uttala seg før det blir gitt dispensasjon frå planar, plankrav eller byggeforbod i strandsone.

Av lova går det fram at dispensasjon ikkje kan gjevast dersom føremålet i lova vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vera større enn ulempene. Ved vurderinga skal det skal leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge av å gje dispensasjon.

Førehandskonferanse

Det kan i mange tilfelle vera nyttig med ein førehandskonferanse, altså før ein sender inn søknad. I søknader med krav til ansvarsrett bør ansvarleg søkjar vera med, evt i tillegg til tiltakshavar. Slik konferanse må tingast på førehand, og skal gjennomførast innan 14 dagar

Crihana Veche

Tusenårsprosjektet - Ein dråpe som skulle treffa vatnet og breia seg i bølger utover.

Dette var Jostein Dale sin visjon då han kom med forslag til Radøy sitt tusenårsprosjekt. Forslaget vart positivt motteke og no, 10 år seinare, lever Crihana Veche-aksjonen i beste velgåande og veks stadig i storleik og engasjement.

Crihana Veche-aksjonen går ut på å hjelpa born som lever på ein barneheim i Crihana Veche kommune i Moldova, det fattigaste landet i Europa med store hjelpebehov.

Prosjektet har utvida seg til å ikkje berre gjelda barneheimen, men også til å gje støtte til dei som går ut av barneheimen til utdanning, som kokk, syerske, tømrar, murar og liknande. I fjor byrja ein også å støtta dei fattigaste familiane i kommunen.



Midlane som er komne inn i desse åra har mellom anna gått til: industrivas-kemaskin, kjøleskap, inventar til den lokale kyrkja, vaskar, senger og innreining av ny soveromsavdeling som reduserte tal born frå 24 til 6 på eit rom. Oppbygging av senter som romma suppekjøken, matservering, sportshall, systove, og opplæringscenter har det også vorte.

Kvart år har representantar frå Radøy besøkt barneheim, kyrkje, Senteret, studentar og familiar i Crihana Veche. Første tur var i 1999, og med på turen deltok Meinert Helland, Elisabeth Bygstad, Ann Christin Hoen, Jostein

Dale og Harald Hem. Gruppa sitt møte med landet og barneheimen resulterte i ein spontanaksjon, med oppretting av spesialprosjekt gjennom den internasjonale organisasjonen Misjon utan Grenser - Norge.

Seinare kom det i stand ei fadderverving, og i dag er det 88 faddrar som støttar arbeidet.

Svært mange av innbyggjarane på Radøy har eit eller anna forhold til prosjektet i Moldova. Det har fått stor støtte frå mange, både privatpersonar og næringsliv, med innsamling av klede og verving av nye familiefadderskap. Det vil her vera rett å gje særleg honnør til Steinar og Helen Vågenes for stor innsats i prosjektet.



Berit Kvalvik og Oddbjørg Dragøy var med på fadder-tur i fjor haust og vitja foreldreause born og familiar.

I løpet av desse åra er det bidrege med store summar og totalen nærmar seg no 3 millionar kroner. Aksjonen har hjelpt ca 300 born på barneheimen, ca 50 har fått ei yrkesutdanning, og ca 20 menneske får no månadleg

hjelp gjennom familiefadderskap. I tillegg får svært mange fattige og familiar dagleg hjelp gjennom Senteret til det aller mest naudsynte.

Crihana Veche har i dag blitt ein tilflyttingskommune med nye arbeidsplassar og butikkar. Det er ei positiv utvikling, men arbeidsløysa er framleis stor og det treng framleis meir hjelp.

Takk til alle som har vore med å støtta prosjektet så langt!

Innsamling av bilete til bygdeboka bind 4

I løpet av sommaren og hausten vert det samla inn bilete til bind 4 i bygdeboka (gnr. 63 Marås til gnr. 91 Kvitstein). Ein til to personar har fått ansvar for å samla inn bilete på kvar gard, og dei kjem til å ta kontakt med eigarar eller tidlegare eigarar av gardsbruk, og evt. andre eigedomar.

Me håpar at alle som vert kontakta har høve til å leita fram aktuelle bilete, og er villig til å låna dei ut til bruk i bygdeboka.

Om det er nokon som har spørsmål om biletinnsamlinga, ta kontakt med Kultur- og sørvistorget v/ Bente K. Hervik, tlf. 56 34 90 12.



MOT-ungdomsordinator



Katarina Birkeland er tilsett som MOT-ungdomsordinator i Radøy kommune. Stillinga er nyoppretta og Katarina tek til i stilling

linga 1. september i år.

Katarina er 25 år og er oppvaksen på Soltveit på Radøy. Ho har teke bachelorutdanning innan ungdomssosiologi ved høgskulen i Sogn og Fjordane. No fullfører Katarina praktisk-pedagogisk utdanning ved same lærestad. Katarina har hatt praksis som lærar i ungdomsskule og vidaregåande skule under studiet.

I tillegg har ho arbeidd nokre år som assistent i barnehage og som reinholdar i reinhaldsbyrå. Som student var Katarina aktiv i studentmiljøet og har hatt ansvar som vaksjef på mange arrangement ved studenthuset i Sogndal. På fritida har Katarina spelt fotball i unge år, og vore aktiv i symjeklubben på Radøy.

Katarina synest at det er ein spennande og utfordrande jobb, og ho gler seg til å ta til i stilling. Ho har lyst å vere

med og skape eit godt ungdomsmiljø på Radøy saman med ungdommane, og brenn veldig for dette. Ho meiner at det er viktig å få Ungdommens hus ferdig i Radøyhallen, og fylle det med aktivitet. Sentralt her er å skaffe gode samarbeidspartar som, t.d. ungdomslag, idrettslag, korps, KRIK og SALTO. Foreldra vil også vere ein viktig ressurs. Katarina tenkjer seg også eit samarbeid med Frivilligsentralen. Ho ser mange mogelegheiter og tenkjer at saman med ungdommen kan vi få mykje til. Ho vil vera forsiktig med å love for mykje, men det er viktig at alle føler at dei kan ta kontakt med ungdomskoordinatoren for samarbeid om aktivitetar og tiltak for dei unge. I arbeidet tenkjer ho å bruke mykje lokale ressursar, og freiste å setje i verk tiltak som gjer det enklare for unge å utvikle seg, og finne ut kva veg ein skal ta vidare. Ho vil også freiste knytte kontakt med studentar og andre som har råd å gje om yrkes- og karriereval. Ho har mange idear ho vil freiste ut, men viktigast er at det er aktivitetar som ungdommen tek del i som fyller tida og stilling.



1. – 3. juli: Utvandningsfestivalen – førebels program

Fredag 1. juli

Opningskonsert i Emigrantkyrkja

VestNorsk utvandringssenter, Sletta

Laurdag 2. juli

Fagseminar. Liv i emigranthusa: «Nybyggjarane». Familieaktivitetar i Emigranthusa for heile familien. 99. bataljon stand med demonstrasjon av køyrety og utstyr bak Emigranthusa. Kranseseremoni ved monumenta. Festivalmiddag på samfunnshuset Skogen. Lutheran Brethren Male Choir.

Sundag 3. juli

Norsk-amerikansk gudsteneste. 99. bataljon stand med demonstrasjon av køyrety og utstyr bak Emigranthusa. Besøk frå Bergen Amcar klubb. Strilaringen avsluttar sin internasjonale folklorefestival på utvandningsfestivalen.

For meir informasjon og oppdatert program, sjå: <http://www.muho.no/vestnorsk-utvandringssenter/> Påmelding til fagseminar og festmiddag til avdelingsleiar Ida Dyrkorn Heierland, e-post: vestnorsk.utvandringssenter@muho.no, eller telefon 55251809/ 48 10 86 09.

Ung jobb i Radøy

Frå onsdag 22. juni til fredag 12. august vert det tilbod om Ung jobb i Radøy kommune. Kultur- og sørvistorget er koordinator for ungdom som ynskjer arbeid og vaksne som treng hjelp til grasklypping, hagearbeid, maling, barnepass m.m.

Vi er særleg opptekne av å koma i kontakt med dei som har arbeid å tilby.

Dersom du har arbeid til ein ungdom i sommar, ber vi om at du tar kontakt med kultur- og sørvistorget snarast råd. Vi treng vite namn, adresse, kva type arbeid du kan tilby og omlag kor lang tid du reknar med at arbeidet vil ta. Me vil prøve å legge til rette slik at det ikkje vert lang reiseavstand for ungdomane, og det er fint om du har høve til å skyssa dei som treng det. Det er lagt opp til at ungdomane skal ha ei **minsteløn på 80 kr pr timen** for alle oppgåver. Kultur- og sørvistorget treng å koordinere arbeidet og det er difor viktig at du melder inn oppdrag så snart som mogleg. Siste frist er dagen før. Oppdragsgjevar er ansvarleg for utbetaling av løn og arbeidstakers tryggleik.

Er du ungdom som ynskjer arbeid?

Då må du vere mellom 13 og 18 år og vi treng å vite namn, telefonnummer, alder, kvar du bur og kva du er interessert i å arbeide med. Skriv gjerne fleire alternativ. Kan du arbeide kvar dag heile sommaren eller er det veker som passar betre? Du melder deg til kultur- og sørvistorget, så vil vi kontakte deg dagen før du skal ut på oppdrag. Ta kontakt med Ailin Kolstad Isdal på kultur- og sørvistorget, tlf 56 34 90 00 eller send e-post til postmottak@radoy.kommune.no

Barnehageopptak for året 2011/2012

I år har tilbakemeldingar til søkjarane etter første opptaksmøte teke noko lengre tid enn vanleg dei seinaste åra. Dette skuldast den sterke veksten i tal søknader (særleg småbarnsplassar), som førte til at administrasjonen og barnehagane saman måtte finna løysingar på problema. Politisk leiing måtte orienterast om situasjonen med økonomiske konsekvensar. Målet for arbeidet har vore å gje alle med rett til plass, dvs: «Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter». «Etter søknad» tyder i Radøy at ein må søkja innan 1. mars (eitt opptak).

Etter andre opptak er stoda at alle med rett får oppfylt denne. Vidare står det no berre fire «null-åringar» på venteliste.

Austebygd barnehage har teke inn ein del «store» småbarn og vil driva som ein utvida avdeling neste år.

Bø barnehage får ei ekstra småbarns-avdeling neste år, og vil då ha tre avdelingar for små barn og to for store. Fysisk vert dette løyst ved at ein trygdebustad vert tatt i bruk.

Prestmarka barnehage aukar talet plassar for store barn ved at ein avdeling vert «utvida». Barnehagen vil auka

utetida si, mellom anna ved at kommunen gjer avtale med Børje Møster om bruk av lavvoen hans.

Sæbø barnehage har bra med plassar, fordelt på tre utvida avdelingar.

Det har frå fleire hald vore hevda at kommunen burde ha visst/rekna med at søkjarmassen ville auka slik han faktisk gjorde og ha planlagt eit utvida tilbud som kunne dekkja etterspurnaden.

Ved 2010-opptaket utvida kommunen kapasiteten slik at alle fekk plass. Kommunen hadde såleis ein buffer dersom etterspurnaden auka kraftig. Frå 31. august 2010 til 28. februar 2011 auka talet på folkeregistrerte to-åringar (fødd 2009) frå 60 til 69 (15%). Alle desse hadde rett til småbarnsplass når dei søkte innan 1. mars.

Radøy kommune har ein vanskeleg økonomi, som gjer det nær umogleg å drifta med mykje ledig kapasitet i barnehagane. Alternativet er fleksible løysingar der ein justerer tilbodet raskt og målmedvite i høve endra etterspurnad.

Dersom barneinnflyttinga og trong for barnehageplass heldt fram å auka, vert kommunen nøydd til å auka den grunnleggande, permanente kapasiteten med ein ny barnehage. Dette må ein ta stilling til komande år.

Planar på høyring

Hovudplan vassforsyning 2011-2014

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har i møte 27. april vedtatt å leggje ut hovudplan for vassforsyning 2011-2014 til offentleg ettersyn. Formålet med planen er å framleis stette krava til god vassforsyning og aukande fokus på vasskvalitet og tryggleik i vassforsyninga. Det er m.a. føreslått følgjande tiltak:

- Leggja ringleidning slik at forsyningsområda kan forsynast med vatn frå to leidningar
- Etablere reservevassforsyning/krisevassforsyning.

Hovudplan avløp 2011-2014

Hovudutval for plan, landbruk og teknisk har i møte 27. april vedtatt å leggje ut hovudplan for avløp 2011-2014 til offentleg ettersyn. Planen er ei vidareføring av gjeldande plan, og omhandlar mål for avløpshandteringa, og skildrar status og hovudtrekk for avløpsbygging i Radøy kommune i perioden. Føremålet med planen er m.a. å beskytte miljøet mot ureining, og ivareta brukarinteresser som kan bli påverka av avløpsutslepp. Planframlegga, som er kommunedelplanar, vert lagt ut til open høyring slik at alle kan få innsikt og uttala seg til planen. Vi ber om at alle merknader/uttalar vert å sende skriftleg til Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 Manger. Ein kan også nytta e-post til postmottak@radoy.kommune.no.

Høyringsfrist 7. juli 2011

Opningstider i sommar

Rådhuset har redusert opningstid i veke 26-30, og er i denne perioden ope måndag til fredag kl 08.30 - 15.00.

Byggesaksavdelinga har stengt i veke 29 og 30.

Planavdelinga er stengt i veke 29

Kart og oppmåling har stengt i veke 28 og 29.

Alle avdelingar på Plan næring og teknisk har redusert bemanning i veke 26 til 32.

Landbrukskontoret har redusert bemanning i veke 28 og 29.

Radøyhallen er stengt frå 1. juni til 6. sept.

Biblioteket har reduserte opningstider i juni og august, måndag: 16.00-20.00, onsdag: 13.00-20.00. I juli månad er biblioteket ope onsdagar: 13.00-20.00.

Frivilligsentralen sine faste aktivitetar har pause frå veke 24 til veke 32.

Radøy legesenter er stengt i veke 29.

